

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

Svar frå hovudutvalsleiar kultur, idrett og integrering på spørsmål frå Andersen (FNB) om bruk av riksmål i samband med prekvalifisering kunstinnkjøp nytt fylkesbygg «Trappen opp»

Spørsmål: Kva kan ein gjere for å unngå at 'Trappen Opp' blir heftande ved som namn på denne delen av fylkesbygget inkl kunstverka der?

Svar:

Vestland fylkeskommune skal sjølvsagt nytte nynorsk. I ein skilde tilfelle er det likevel behov for innspel slik som Andersen gjer i sitt spørsmål. Ved ein inkurie er det nytta feil bøyingsform av ordet «trapp» i eit av områda som er tenkt som hovudprosjekt for kunstutsmykking i det nye fylkesbygget. Denne feilen er synleg både i utlysingstekst, i søknadsskjema og i kunstplanen som er tilgjengeleg på våre nettsider.

Det vert no gjort eit arbeid for å rette opp denne feilen i alle område slik at rette bøyingsform «Trappa opp» vert synleg både i utlysingstekst og søknadsskjema til prekvalifiseringa, samt kunstplanen som er eit viktig arbeidsdokument i heile prosessen ved kunstinnkjøp til det nye fylkesbygget.